



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato  
03.07.2014  
Dykkar dato  
23.04.2014

Vår referanse  
2014/5588 561  
Dykkar referanse  
13/73

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Merknad til melding og utgreiingsprogram for Blåura kraftverk i Fusa kommune

**Fylkesmannen meiner at prosjektet er meir konfliktfylt enn det som går fram av meldinga.**

**Konsekvensutgreiinga må vise samanhengen mellom landskap, sårbare fjellområde, naturmiljø, inngrepsfri natur, friluftsliv og reiseliv.**

**Fylkesmannen foreslår at vurderingsområdet for samla belastning omfattar området mellom Hardangerfjorden og Samnangerfjorden sør for Kvamskogen.**

Fylkesmannen viser til melding og forslag til utgreiingsprogram fra Sunnhordland kraftlag (SKL) for bygging av Blåura kraftverk, Fusa kommune. SKL presenterte saka for oss på møte 16. juni 2014. Vi har fått utsett høyringsfrist til 4. juli 2014.

#### Om utbyggingsplanane

I planar for utbygging vil ein utnytte fallet frå Stolavatnet (785 moh) og Gurigrøvatnet (781 moh), bekkeinntak frå Tågene og ein bekk lenger sør ned til Gjønavatnet (40 moh). Stolavatnet er planlagt regulert med ein dam på 8 m, Gurigrøvatnet med tre dammar, den største på 10-12 m. Vassveg (omlag 7 km) og kraftstasjon skal ligge i fjell på austsida av Gjønavatnet. De må byggjast ny 66 kV kraftline, som vil gå i sjøkabel frå Gjøn til Hammarland og i luftline omlag 6 km langs fjellsida nord for Vengsvatnet og Skjelbreidvatnet fram til transformatorstasjonen Eikelandsosen.

Vegen til Gjøn må utbetrast, og det skal byggjast ny tilkomstveg 300 m fram til påhogg for stasjonen. Massar frå tunnel og kraftstasjon er planlagt i massedeponi på Gjøn. Mengde er ikkje oppgitt.

Kraftverket vi få installert effekt på 19 MW og gje ein gjennomsnittleg årsproduksjon på omlag 68,6 GWh. Utbyggingspris er sett til 4,29 kr/kWh.

## **Om handsaming i Samla Plan og framlagt melding**

SKL søkte NVE om fritak frå Samla Plan i desember 2012. I Fylkesmannens vurdering av spørsmålet<sup>1</sup> vert det vist til konfliktpotensialet mot landskap/friluftsliv, fisk og kulturminne og at det på denne bakgrunn ikkje kunne gis unntak for handsaming i Samla Plan utan avbøtande tiltak. For våre ansvarsområder var konsekvensane sett til «store negative» og «meget store negative». I sitt vedtak ga Miljødirektoratet<sup>2</sup> fritak frå Samlet Plan for prosjektet, men det går fram at konsesjonshandsaminga med konsekvensutgreiing må belyse spørsmålet om tilhøvet mellom nivå på vassføring og konflikt ved prosjektet.

I meldinga vert det uttalt at utbygginga kan skje med relativt små konsekvensar for miljø og samfunn. Det er lagt fram ein tabell med oversyn over konfliktpotensialet ved omsøkte utbygging og tre andre utbyggingsprosjekt, som alle er vurderte og forkasta (tabell 6). Tabellen reflekterer ikkje konfliktnivå som går fram av vurderingar knytt til Samla Plan.

På denne bakgrunn meiner Fylkesmannen det er særleg viktig at konsekvensutgreiinga handsamer dei sentrale tema på ein utfyllande måte.

## **Verknader av tiltaket og merknader til foreslått utgreiingsprogram**

Forslag til utgreiingsprogram er basert på krav i NVE rettleiar nr 3/2010 og på utbyggjar sin vurdering av konfliktgrad.

Det vert lagt opp til å utarbeide eigne fagrapporatar for dei viktigaste fagområda, medan konsekvensane for andre fagområde vil bli omtalt berre i konsesjonssøknaden.

Fylkesmannen viser til at NVE-rettleiaaren ikkje er oppdatert på alle tema om naturmiljø, naturens mangfold og friluftsliv. Vi legg til grunn at ein vil nytte tilgjengeleg, nytt materiale i arbeidet med konsekvensutgreiinga, jf. til dømes siste versjon av norsk raudliste<sup>3</sup> og til revidert rettleiar<sup>4</sup> for kartlegging og verdsetting av friluftsområde.

Vi har merknader følgjande tema i foreslått utgreiingsprogram:

### Hydrologi

Temaet vil bli omtalt i eigen fagrappart. Sentrale tema er vassføring nedstraums Gjønavatnet, spesielt Eideselva, og vassføringskurver for Stolaelva, der det er sett i gang måleprogram. Vurderingar bak framlegg til minstevassføring skal gå fram av konsekvensutgreiinga med bilde av elvestrekningar ved ulike vassføringar.

Fylkesmannen viser til at tema vassføring er svært sentralt i saka, vurdert både ut frå landskap, friluftsliv, opplevingsverdi og biologisk mangfold, spesielt tilhøvet til fisk. Dette er difor tema som må sjåast i samanheng.

### Landskap og inngrepstilnærte områder

Temaet vil bli omtalt i eigen fagrappart.

<sup>1</sup> Brev frå Fylkesmannen til Miljødirektoratet 21. august 2013.

<sup>2</sup> Brev frå Miljødirektoratet til SKL 10. november 2013

<sup>3</sup> Norsk Raudliste

<sup>4</sup> Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder: Miljødirektoratet Veileder M98 - 2013

Utbygginga vil føre til samla tap av INON-område på om lag 15 km<sup>2</sup>, både sone 2 og om klassifisering av område 1 til sone 2. Dette skal dokumenterast.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland<sup>5</sup> med verdikart og gjeldande retningsliner må leggjast til grunn for arbeidet, jf. vedtak i Miljøverndepartementet av 16. september 2013.

Planlagt utbygging vil føre til inngrep i til dels sårbare høgfjellsområde med stor verdi for friluftsliv og landskap. Stolaelva og Tågene er synlege fossefall i ei stort influensområde frå Gjønavatnet, til dømes ved avkjørsel til Hålandsdalen på fylkesveg 48. Gjønavatnet med kringliggjande fjellområde har kvalitetar som skil seg ut frå mange andre, då naturlandskapet er urørt og har stor dramatikk. På fleire måtar har området parallellear til viktige nasjonale fjordområde, der den største forskjellen er at dette er ferskvatn.

Norges ratifikasjon av Den europeiske landskapskonvensjon forpliktar oss til å forvalte landskapet på medveten måte, blant annet gjennom kartlegging. Det er til no ikkje utvikla gode nok analyse- og kartleggingsverktøy for å verdsette og konfliktvurdere slike naturområde. Ut frå det samla presset på vår vassdragsnatur er det likevel viktig å vurdere verdien av denne type område i brei samanheng, sjå omtale av samla lastning under.

#### Naturmiljø og mangfoldet i naturen

Det vil bli to temarapportar: *Naturmiljø* med omtale av geofagleg forhold, naturtypar og ferskvasslokalietar, karplanter, mosar, lav og sopp, pattedyr og fuglar og *Fisk og ferskvassbiologi*.

Kartlegging av gyteområde er særleg viktig tema. Tilhøvet til storaure i Sævereidvassdraget må omtalast spesielt.

Det kan vere fare for gassovermetting ved drift av eit eventuelt kraftanlegg i vassdraget. Utbyggjar må vurdere tiltak for å hindre at dette skjer. Temaet bør omtalast i søknaden.

#### Forureining

Temaet er planlagt omtalt i konsesjonssøknaden.

Ved bruk av sprengstein til fylling må det setjast krav som hindrar avrenning til vassdraget og annan skade på miljøet. Disponering av masser, både i veganlegg, deponi eller anna må avklarast i søknaden. Søknaden må gi opplysningar om karakteren av massane, omfang og arealbruk.

Vi gjer merksam på at plassering av masser på dyrka mark, slik som er planlagt vil krevje avklaringar etter både plan- og bygningslova, jordlova og forureiningslova med bakkeplaneringsforskrift.

#### Friluftsliv, jakt og fiske. Reiseliv

Det blir lagt opp til felles fagrappor om friluftsliv og reiseliv.

Utbyggingsområdet med influensområde er nytta i ulike former for friluftsliv og har stor verdi både i lokal og regional samanheng. Kikedalen er eit av fleire utvalde kulturlandskap i

---

<sup>5</sup> Fylkesdelplan for små kraftverk 2009 – 2012.

Hordaland, og offentleg midlar vert brukt for å ta vare på kulturlandskapet. Utbygging vil råke opplevingsverdiar for friluftsliv og turisme knytt til fjellområda, dalføre, vatn, vassdrag og andre naturkvalitetar. Hålandsdalen leirskule er blant de sentrale aktørane som nyter området til turar og undervisning for barn og unge.

Konsekvensvurderinga av planlagt utbygging må vise samanhengen mellom friluftsliv og reiseliv og naturmiljø, landskap, fjellområde og inngrepsfri natur.

### Samla belastning

Temaet er planlagt omtalt berre i konsesjonssøknaden.

Den omfattande utbygginga i heile regionen og i Fusa kommune og gjer at samla belastning er eit viktig tema. I foreslått utgreiingsprogram står det:

«Det skal lagast ei oversikt over eksisterande og planlagte inngrep innanfor eit geografiske område - som går ut over influensområdet. Moglege samla verknader av tiltaket som vert reknast som konfliktylte skal vurderast.»

Fylkesmannen ber om at temaet samla belastning vert utgreidd meir omfattande enn det som er vanleg i samband med kraftutbygging. For å vurdere verknad på naturmangfaldet er det nødvendig med meir detaljert samanstilling av eksisterande og planlagte inngrep, jf. mellom anna omsøkte småkraftverk i Fusa, Samnanger og Kvam.

I utgreiingsprogrammet bør ein definere kva for geografiske området som skal visast og kva som er konfliktfylt ut frå tema landskap, friluftsliv og opplevingsverdi. Fylkesmannen foreslår at vurderingsområdet for samla belastning omfattar området mellom Hardangerfjorden og Samnangerfjorden sør for Kvamskogen, dvs. Tysse - Norheimsund, vestsida av Hardangerfjorden til Lukksund, og vidare inn Fusafjorden og Samnangerfjorden.

Fylkesmannen ber om at det vert stilt krav om å vise samla oversyn over alle større inngrep som påverkar naturmangfaldet. Vi ber om at det og vert utarbeidd eit kart som viser vassdrag som *ikkje* er eller vil bli berørt av inngrep innafor dette influensområdet. Utarbeidning av denne type informasjon vil gjere det lettare å fastsette konfliktnivået ved planlagt utbygging. Dette vil og vere til støtte når ein skal vurdere tiltaket ut frå naturmangfaldlova i konsesjonsspørsmålet.

Fylkesmannen meiner samla belastning bør omtalast i eigen temarapport.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen meiner at prosjektet er langt meir konfliktfylt enn det går fram av meldinga. Vi viser her til vurderingar gjort i samband med handsaming i Samla Plan.

Konsekvensutgreiinga må legge stor vekt på, og vise samanhengen mellom landskap, sårbare fjellområde, naturmiljø, inngrepsfri natur, friluftsliv og reiseliv.

Fylkesmannen foreslår at vurderingsområdet for samla belastning omfattar området mellom Hardangerfjorden og Samnangerfjorden sør for Kvamskogen. Dette bør lagast eigen temarapport.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Forum for Natur og Friluftsliv i	Tverrgt. 4/6	5017	Bergen
Hordaland v/ Bergen Turlag	Postboks 24	5401	Stord
Sunnhordland Kraftlag	Postboks 5672	7485	Trondheim
Miljødirektoratet	Sluppen		
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fusa kommune	Postboks 24	5649	Eikelandsosen